

Søknad om erstatning frå staten

til skadelidne eller etterlatne for personskade
valda ved strafflagd handling.

Unnateke offentlegheit etter utfylling.

Felt med * er obligatoriske og må fyllast ut
før søknaden vert handsama.

Send til Kontoret for valdsoffererstatning,
Postboks 253, 9951 Vardø.

Du bør fyrst lese side 3 og 4.

1 Personopplysningar om søkjaren *			
Namn på søkjar		Fødselsnummer (11 siffer)	
Gateadresse		Postnummer og poststad	
Søkjar sin e-post		Telefon/Mobiltelefon	
Søkjar sitt yrke	Arbeidsgjevar		Skattekommune
1.2 Personopplysningar i saker der etterlatne søker om erstatning *			
Namn på avlidne		Avlidne sitt fødselsnummer (11 siffer)	
Siste postadresse		Dato for dødsfallet	
Avlidne sitt slektskap med søkjar, og forsytarbyrde			
2. Har du motteke erstatning for dette tilhøvet tidlegare? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei			
Dersom ja <input type="checkbox"/> Frå fylkesmannen i	Fylke	<input type="checkbox"/> Frå Kontoret for valdsoffererstatning	
3. Den strafflagde handlinga *			
Stad (kvar skjedde skaden?)		Skadedato	
Kommune			
Namn på skadevaldar			
Kort skildring av den strafflagde handlinga			
Søker fleire personar om erstatning for same sak? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei			
4. Melding til politiet *			
Er den strafflagde handlinga meldt til politiet? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	Meldt til følgjande politidistrikt	Dato for melding til politiet	
Ligg det føre dom i saka? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	Nummer på melding til politiet (meldingsnummer)		
Dersom tilhøvet ikkje er meldt, gjer kort greie for årsaka til dette			
5. Gjer kort greie for skaden (legg ved legeerklæring m.v. og spesifikasjon av utgiftene til behandling) *			

6. Forsikring *

Kva forsikring har søkjaren?

- Reiseforsikring Ulukkesforsikring Uføreforsikring Forsikring i arb.tilhøve Innbuforsikring Er ikkje forsikra
- Ja Nei Ja Nei Ja Nei Ja Nei Ja Nei

Anna – spesifiser

Namn på forsikringsselskap

Kontaktperson

Polisenr.

Er skaden meldt til forsikringsselskap? Ja Nei Forsikringsytingar er tilkjende/utbetalte med kr

Legg ved forsikringsvedtak

7. Trygdeytingar som skadelidne eller etterlatne har fått pga. skaden *

Søkjjar har fått følgjande ytingar frå folketrygda

- Sjukepengar Arbeidsavklaringspengar Uførestønad Yrkesskadeytingar Skaden gjev ikkje rett til trygdeyting

Anna – spesifiser

Legg ved vedtak frå NAV

Er det søkt om trygdeytingar som følgje av skaden – kva slag?

8. Erstatningsutbetaling frå skadevaldar eller Statens innkrevjingsentral (SI)*

Motteke beløp kr

Frå SI

Frå skadevaldar

Ikkje motteke

Om erstatning ikkje er kravd frå skadevaldar, oppgje årsaka til dette

9. Søknadsbeløp

9.1 Økonomisk tap. Oppgje, spesifiser og dokumenter tap som følgje av skaden

<input type="checkbox"/> Inntektstap (Det må leggjast fram kopi av likning(ar) frå 2 år føre det året skaden fann stad og fram til i dag)	Beløp
<input type="checkbox"/> Tap i framtidig inntekt	Beløp
<input type="checkbox"/> Tap av forsyttar	Beløp
<input type="checkbox"/> Behandlingsutgifter (Lege, psykolog, o.a.)	Beløp
<input type="checkbox"/> Tannlegeutgifter (Det skal òg søkjast om vederlag frå HELFO jf. pkt. 9 i rettleiinga)	Beløp
<input type="checkbox"/> Reiseutgifter i samband med behandling (Det skal òg søkjast om vederlag frå Pasientreiser, jf. rettleiinga pkt 9)	Beløp
<input type="checkbox"/> Anna – spesifiser	Beløp

9.2 Skade på ting

<input type="checkbox"/> Klede øydelagde som følgje av skaden (dokumenter tapet dersom det er mogleg)	Beløp
<input type="checkbox"/> Andre personlege bruksting, øydelagde som følgje av skaden (gjer greie for og dokumenter tapet)	Beløp

9.3 Erstatning for varige mein. Ved søknad om erstatning for varige mein, skal det leggjast ved spesialisterklæring

Det vert søkt om erstatning for varige mein Ligg det føre spesialisterklæring? Ja Nei

Ev. merknader til søknaden

9.4 Oppreising. Det kan verte tilkjent oppreising for tort og smerte og for anna krenking eller skade av ikkje-økonomisk art. Oppreisinga vert utmålt skjønsmessig. Gje ei kort grunngjeving for søknaden. **Bruk eige ark dersom det er naudsynt.**

Det vert søkt om oppreising

10. Har du fått juridisk hjelp? * Ja Nei

Dersom ja, kva slag?			
<input type="checkbox"/>	Støtteadvokat		
<input type="checkbox"/>	Ytingar etter rettshjelpslova / lov om fri rettshjelp		
<input type="checkbox"/>	Rettshjelpsforsikring		
<input type="checkbox"/>	Advokathjelp		
Kor mykje er eventuelt innvilga?	Tal timar	Beløp	

11. Andre opplysningar – ytterlegare opplysningar kan òg gjevast på eige ark

12. Underskrift *

Eg forsikrar at opplysningane i søknaden er riktige og er gjevne så fullstendige som det har vore mogleg.
Eg samtykkjer i at den myndigheita som skal avgjere søknaden, kan hente inn utsegner frå lege, tannlege, psykolog m.v. og frå likningskontor, forsikringsselskap og arbeidsgjevar, fylkesmannen og liknande, om mine og eventuelt avlidne sine økonomiske tilhøve samt økonomiske og medisinske opplysningar frå sosialetaten og NAV.
Eg samtykkjer i at kravet mitt mot skadevaldar går over på staten dersom staten utbetalar erstatning til meg.
Eg samtykkjer i at erstatning for tannlegebehandling, psykologbehandling m.v. kan utbetalast direkte til vedkomande behandlar, dersom eg ikkje legg fram kvitteringar som syner at beløpet er betalt av meg.
Søknaden må sendast inn med original underskrift.
Søkjar skal sjølv skrive under på søknaden.
Dersom søkjaren ikkje er myndig, må verje skrive under.

..... Kontonummer Stad og dato
..... Kontoinnehavar Søkjar si underskrift

Rettleiing for utfylling av søknadsskjemaet

Pkt. 1
Namn og fødselsnummer skal alltid fyllast ut. Postadresse, telefonnummer og ev. e-post er viktig for seinare kontakt og korrespondanse. Når saka er handsama ferdig, vil søkjar få vedtaket sendt til postadressa si, ev. til advokat.

Pkt. 3
For identifikasjon av straffesaka hjå politiet er det naudsynt at dette vert fylt ut så godt som mogleg. Dersom det vert gjort greie for den strafflagde handlinga i andre dokument som er lagt ved søknaden, som dom eller egenerklæring, er det ikkje naudsynt å skrive nærare om dette her.
Det er viktig at det ved søknader som gjeld born som har opplevd vald mot nærstående, vert lagt ved ei skildring av saka. Legg òg ved skriftlege stadfestingar og annan dokumentasjon som finst.

Pkt. 4
Det er normalt eit vilkår for å få erstatning at saka er meldt til politiet. Før søknaden kan handsamast, vert politidokumenta i saka henta inn. Fyll ut når og kvar den strafflagde handlinga vart meldt til politiet. Alle saker som er meldt til politiet, får eit nummer. Oppgje nummeret om du har det. Nummeret går mellom anna fram av «Stadfesting av meldt sak», som dei fornærma skal få tilsendt frå politiet. Dersom saka ikkje er meldt til politiet ber Kontoret for valdsoffererstatning om at søkjar oppgjev årsaka til dette.

Pkt. 5
Omfang og varigheit av skaden vert gjort kort greie for og dokumentert med erklæring frå behandlande lege, sjukehus, tannlege, psykolog eller liknande.

Pkt. 6-7-8
Økonomiske ytingar som søkjaren har motteke eller har rett på som følgje av skaden, skal gå til frådrag ved utmålinga av valdsoffererstatning. Dersom søkjaren har fått dekt heile eller delar av det økonomiske tapet sitt gjennom forsikring, kan ein eventuell eigendel hjå forsikringa verte søkt dekkja. Har søkjar motteke erstatning frå skadevaldar, oppgje både beløpet og grunnlaget for erstatninga dersom dette ikkje er slått fast gjennom rettskraftig dom.
Erstatning kan krevjast betalt attende dersom søkjar gjev urette opplysningar eller teier om tilhøve som har verknad for utbetalinga, eller får sitt krav dekkja på anna vis.

Pkt. 9
Når det gjeld det økonomiske tapet som vert søkt dekkja, skal beløpet verte gjeve opp særskilt. Erstatningskravet må dokumenterast. Dette kan gjerast ved kvitteringar, avrekning frå arbeidsgjevar eller liknande. Dersom det vert søkt om erstatning for varige mein (pkt. 9.3), må det leggjast fram ei spesialisterklæring som slår fast søkjar sin medisinske invaliditet i prosent, drøftar varigheita av invaliditeten, samt tek stilling til årsakssamanhengen mellom invaliditeten og den strafflagde handlinga. Det vert ikkje tilkjent erstatning for varige mein ved lågare invaliditetsgrad enn 15%. Ved utmåling av oppreisning (pkt. 9.4) vert det teke omsyn til den strafflagde handlinga, følgjene dette har fått for søkjaren og praksis i liknande saker. Ved søknad om erstatning for varige mein og oppreisning er det ikkje naudsynt å oppgje søknadsbeløp. Ved tannskader oppstått etter 1. januar 2008 skal det søkjast om refusjon av skade gjennom HELFO (Helseøkonomiforvaltningen). Sjå www.helfo.no, og forskrift om refusjon av tannlegeutgifter (FOR-2007-12-13-1412) § 1 nr 13. Økonomisk tap vil då vere avgrensa til den skadelidne sin eigendel. Sjå www.pasientreiser.no for informasjon om refusjon av reiseutgifter.

Pkt. 12
Fordi underskrifta òg tener som fullmakt frå søkjaren, er det ikkje tilstrekkeleg at til dømes advokat skriv under. Ufullstendig søknad vil bli returnert utan å bli registrert.

Erstatning frå staten for personskade valda ved strafflagd handling

Valdsofferstatningslova tok til å gjelde 1. juli 2001, og gjeld for strafflagde handlingar som har funne stad etter denne datoen. Det vart gjort endringar i valdsofferstatningslova gjeldande frå 1. januar 2008, 1. januar 2009 og 1. januar 2011. For tilhøve der den strafflagde handlinga fann stad i perioden 1. januar 1975 til 1. juli 2001 gjeld valdsofferforskrifta med særskilde overgangsreglar. Dette søknadsskjemaet skal nyttast uansett kva tid den strafflagde handlinga fann stad. Meir informasjon om valdsoffererstatningsordninga får du hjå Kontoret for valdsoffererstatning tlf. 78 98 95 00, e-post: post@valdsoffererstatning.no eller www.valdsoffererstatning.no.

Søkjjarar kan òg få hjelp ved å ta kontakt med Rådgjevingskontora for kriminalitetsoffer tlf. 815 20 077 / 789 89 500, www.kriminalitetsofre.no, eller ved å ta kontakt med Støttetelefonen for kriminalitetsoffer tlf. 800 40 008.

1. Kven kan søkje erstatning?

Den som vert skada ved ei strafflagd handling som nemnd i punkt 2.1 og 2.2 kan verte tilkjend erstatning frå staten. Born som har opplevd vald mot ein nærstående person etter 1. januar 2008, og dette er eigna til å skade bornet sin tryggleik og tillit, har òg rett til erstatning. Dersom den skadelidne dør, har etterlatne som avlidne hadde forsyttansvar for, rett til erstatning. Andre etterlatne kan òg få erstatning. I tillegg kan òg personar som:

a) i samband med hjelp til politiet eller andre med politimyndigheit i samband med arrestasjon, i samband med averjing eller forsøk på averjing av ei strafflagd handling eller i samband med lovleg pågriping eller forsøk på dette

Frå 1. januar 2011, personar som:

b) i samband med hjelp til offer for ei strafflagd handling som krenkjer livet, helse eller fridomen, eller for å avverje eller avgrense skadefølgjene av den strafflagde handlinga søkje om valdsoffererstatning.

Den skadevaldande handlinga må ha funne stad her i riket, på Svalbard, på norsk fartøy, boreplattform, luftfartøy eller anlegg for forskning eller utnytting av naturforekomstar på den norske delen av kontinentalsokkelen. I særlege tilfelle kan det ystast erstatning for skade påført i utlandet, når den skadelidne på skadetidspunktet hadde bustad i Noreg.

2. Når kan du få erstatning?

2.1 For handling som har funne stad i perioden 1. januar 1975 til 1. januar 2008, kan det gjevast erstatning til den som er vorten skadd som følgje av ei forsestetleg lekamskrenking eller anna strafflagd handling som har preg av vald eller tvang.

2.2 For handling som har funne stad etter 1. januar 2008, kan det gjevast erstatning til den som har lidd personskade som følgje av ei strafflagd handling som har krenka livet, helse eller fridomen.

Erstatning kan ystast sjølv om skadevaldar er ukjend, død, er under 15 år, er strafferettsleg utilrekneleg, eller om det ligg føre overskriding av naudverje som er straffri etter straffelova § 48 fjerde ledd. Det kan verte tilkjent erstatning sjølv om saka vert bortagd, eller skadevaldar vert frifunnen i ei eventuell straffesak. Søkjaren må prove med klår sannsynsovervekt at han/ho er vorten utsett for ei strafflagd valdshandling. Erstatningskravet må leggjast fram for Kontoret for valdsoffererstatning før erstatningskravet mot skadevaldaren er forelda etter reglane i foreldelseslova. Det er likevel tilstrekkeleg at søknaden vert lagt fram før skadevaldar sitt eventuelle straffeansvar er forelda etter reglane i straffelova, eller før skadelidne fyller 21 år. Foreldingsfristen vert avbroten ved at søknaden vert fremja for Kontoret for valdsoffererstatning. Dersom søkjaren har medverka til skaden ved eiga skuld, kan erstatninga setjast ned eller falle bort i sin heilskap. Det vert ikkje ytt erstatning etter valdsoffererstatningslova for skadar som går inn under bilansvarslova eller pasientskadelova.

3. Kva kan du få erstatning for?

3.1 Det økonomiske tapet

Erstatning for skade på person skal dekkje det allereie påførte tapet, og eventuelle framtidige tap, i til dømes inntekt, utgifter til behandling (eigendel) og reiseutgifter. Ordninga dekkjer òg skade på vanlege klede og personlege bruksting (briller, klokke og mobiltelefon) som den skadelidne hadde på seg då skaden skjedde. Ting og kontantar som er stolne frå søkjar, fell utanfor ordninga. Det vert gjort frådrag for erstatning søkjar har rett til / vil få frå anna hald, til dømes trygde- og pensjonsrettar, forsikring og utbetalt erstatning frå skadevaldar.

3.2 Erstatning for varige mein

Ved varig og betydeleg skade av medisinsk art, som følgje av den strafflagde handlinga, har søkjar rett på erstatning for varige mein, når den medisinske invaliditetsgraden er 15 % eller meir. Søkjar må leggje fram ei erklæring frå spesialist som slår fast medisinsk invaliditetsgrad, varigheit og årsakssamanheng med den skadevaldande handlinga.

3.3 Oppreising

Den skadelidne kan få oppreising i form av ein eingongserstatning for den «voldte tort og smerte».

3.4 Etterlatne

Ved dødsfall før lovendringa 1. januar 2008 har avlidne si(n) ektefelle/sambuar, foreldre og born rett til oppreising. Det kan ystast erstatning for vanlege utgifter i samband med gravferd og for tap av forsyttar. Sysken vert ikkje omfatta av personkrinsen som har rett til erstatning. Ved dødsfall etter lovendringa 1. januar 2008, har avlidne si(n) ektefelle/sambuar, foreldre og born rett til erstatning for personskade etter reglane § 4 i lova. Sysken kan i særlege tilfelle verte tilkjende erstatning og oppreising.

Det vert ikkje gjeve erstatning for tap mindre enn kr 1 000. Frå 1. januar 2011 vart den øvste grensa for den samla erstatninga for kvart skadetilfelle auka frå 40 til 60 gonger folketrygda sin grunnsum på vedtakstidspunktet. I særlege tilfelle kan ein vike frå den øvste grensa. Frå januar 2009 blei den øvste grensa for samla erstatninga for kvart skadetilfelle auka frå 20 gonger til 40 gonger folketrygda sin grunnsum på skadetidspunktet. For skadar valda ved strafflagd handling før 1. juli 2001, er øvste grense for den samla erstatningsutbetalinga kr 200 000, og for handlingar før 1. januar 1994 er øvste grense kr 150 000.

4. Saksgangen

Det er eit vilkår for å få erstatning at saka er meldt til politiet. For strafflagd handling som har funne stad til og med 2007, er det òg eit krav om rask melding til politiet. For handlingar som har funne stad etter 1. januar 2008, er tidskravet teke vekk. Det er då tilstrekkeleg at melding til politiet er gjeven. Det er òg eit krav at søkjar har sett fram eit krav for påtalemakta om at erstatningskravet skal takast med i ei eventuell straffesak mot skadevaldaren. I særlege tilfelle kan det verte gjort unntak frå både kravet til rask melding til politiet og erstatningskravet. Kontoret for valdsoffererstatning må leggje sakshandsaminga til sides inntil straffesaka er endeleg avgjort. Etter lovendringa 1. januar 2008 kan det i særlege tilfelle, for søknader fremja etter lovendringa, verte dekkta utgifter til innhenting av erklæring frå lege, tannlege, psykolog og liknande som er naudsynt for å klargjere saka i samband med sakshandsaminga.

Det er viktig at søkjaren gjev så fullstendige opplysningar som mogleg. Krav om erstatning for økonomiske tap og tingskadar må dokumenterast med kvitteringar, ev. på annan måte. Helsemessige følgjer av valdsskaden må òg dokumenterast med legeerklæring. Erstatninga kan krevjast tilbakebetalt om søkjaren gjev uriktige opplysningar eller held attende informasjon om tilhøve av verdi for utbetalinga eller får dekkta kravet sitt på annan måte.

Oppgjeven skadevaldar er ikkje part i erstatningssaka og vert ikkje varsla om denne. Staten krev regress frå skadevaldar i alle saker der det er dom, påtalefråfall eller vedtekte førelegg. Ved handsaming av regress-saka er skadevaldar part, og har rett til innsyn i saksdokumenta.

5. Klage

Avgjerdslova i erstatningssaka kan klagast på til Erstatningsnemnda for valdsoffer. Klaga vert send til Kontoret for valdsoffererstatning.

Kontoret for valdsoffererstatning kan endre vedtaket i saka eller sende saka til nemnda for endeleg avgjerd. Kostnader i samband med klage kan dekkjast etter forvaltningslova § 36 dersom vedtaket vert endra til gunst for klagar i klageomgangen. For nærmare informasjon om saksgang i klagesaker, sjå www.sivilrett.no.

Etter 1. januar 2011 er det mogleg å fremje Erstatningsnemnda for valdsoffer si avgjerd om valdsoffererstatning inn for domstolane for overprøving dersom det er gjennomført straffesak mot skadevaldar utan at oppreisingskravet er avgjort.